



Varg

Blokk og utvinningsløyve	Blokk 15/12 - utvinningsløyve 038, tildelt 1975	
Funnår	1984	
Godkjent utbygt	03.05.1996 av Kongen i statsråd	
Produksjonsstart	22.12.1998	
Operatør	Talisman Energy Norge AS	
Rettskavarar	Pertra ASA	5,00 %
	Petoro AS	30,00 %
	Talisman Energy Norge AS	65,00 %
Utvinnbare reservar	Opphavleg:	Att per 31.12.2006
	15,1 millionar Sm ³ olje	5,4 millionar Sm ³ olje
Produksjon	Venta produksjon i 2007:	
	Olje: 14 000 fat per dag	
Investeringar	Totale investeringar vil venteleg bli 7,2 milliardar 2007-kroner	
	Per 31.12.2006 er det investert totalt 7,1 milliardar 2007-kroner	
Driftsorganisasjon	Trondheim	
Hovudforsyningsbase	Tananger	

Utbygging:

Varg er eit oljefelt som ligg sør for Sleipner Øst i den sørlege delen av Nordsjøen, på 84 meters havdjup. Feltet produserer med eit produksjonsskip, "Petrojarl Varg", med integrert oljelager som er knytt til brønnhovudinnretninga Varg A. Avslutningsplanen for feltet blei godkjent i 2001, då planen var å produsere fram til sommaren 2002.

Reservoar:

Feltet inneheld olje i sandsteinar av seinjura alder. Struktura er segmentert og omfattar fleire isolerte delstrukturar.

Utvinningsstrategi:

Utvinninga går føre seg ved vass- og gassinjeksjon. I tillegg er gasslyft installert i dei fleste brønnane i 2006. Dei mindre strukturane blir produsert med trykkavlastning.

Transport:

Oljen blir lossa frå produksjonsskipet til tankskip.

Status:

Produksjonen frå Varg Vest-segmentet, som tok til i 2004, har hatt mykje å seia for at drifta på Varg er forlenga. To nye brønner blei bora i 2006. Produksjonen i 2006 var lågare enn venta, mellom anna som følgje av vassgjennombrøt i produksjonsbrønner. Fleire funn og prospekt blir vurdert fasa inn mot Varg.